

# Bokn Bygdablad

Nr. 4 mai 2011 – Årg. 26



Tradisjon – s. 16



T-sambandet – s. 2



Fantastisk! – s. 8




Helse & Historie – s. 14



[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no)

KJEKT PÅ **BOKN**





# Lys i enden av T-tunnelen

Kyrre Lindanger

**Arbeidet med T-sambandet går etter planen og omlag 86% av den undersjøiske tunnelen er nå sprengt ut. Meir enn 100 meter av tunnelen har fram til nå blitt sprengt ut kvar kvar veke og det er venta gjennomslag i tunnelen 9. juni i år.**

Prosjektet omfattar to undersjøiske tunnelar under Karmsundet og Førresfjorden, saman kalt Karmøytunnelen. Total tunnellengd blir omlag 8,9 km inkludert arm opp til Fosen i Karmøy kommune. Total veglengd i prosjektet vil vera i overkant av 19 km.

## Undersjøisk rundkjøring

Tunnelen frå Fosen-sida er 1158 meter lang og går ned til 60 meter under havet der vegen blir delt av ei rundkjøring som er sprengt inn i fjellet. Rundkjøringa blir Noregs største med ein diameter på 83 meter og med fem armar.

Den 3764 meter lange tunnelen frå Tysvær-sida er driven fram til botn av Førresfjorden. Omlag 600 meter står att, og resten blir nå driven frå vest og mot Tysvær. Den ferdigstilte delen på Tysvær-sida blir i desse dagar asfalterrert. På Mjåsund har høg grunnvatnstand og store mengder overflatevatn skapt utfordringar for byggherre og entreprenør. Det er mellom anna bygd ein permanent demning for å halde vatn ute.

## Dårleg fjell

I følgje Statens vegvesen pågår tunnelarbeidet nå i eit område under Karmsundet med dårlig fjellkvalitet. Det finnes allereie gode data om fjellet frå bygginga av gassrørleidninga Statpipe på 1980-talet, difor veit Statens vegvesen mykje om kva ein har i vente. Men det blir i tillegg utført kjerneboring i området for å finne ut endå meir om fjellkvaliteten. Arbeidet pågår nå i ei sone med porøs metasandstein og dette inneber at framgangsmåten til arbeidslaga blir lagt noko om.

Omlag fem meter av tunnelen blir sprengt vekk i kvar salve, og tunnelen blir sprengt ut i full profil. Når arbeidslaga nærmar seg det dårlege fjellet kan det vera naudsynt å redusera inndrifta til både 3 meter og 1,5 meter pr. salve. I spesielle området vil det vera aktuelt å sprenga delt profil, det vil seie berre øvre eller nedre del av tunnelen i ei salve. I tillegg blir det utført store sikringstiltak, med armerte betong-bogar eller full utstøytning mellom kvar salve. Om lag 200 meter står att av tunnelen under Karmsundet.

## Deponering av steinmasse

Steinmasse frå tunnelen går på lekter og blir tippa mellom anna ved Hålandssjøen i Bokn. Det skal brukast

25.000 fm<sup>3</sup> masse i Hålandssjøen, og då skal moloen vera forlenga 70 m nordover frå der han er i dag. I løpet av sommaren skal moloen vera fyllt opp til minst kote 0, det vil seia til havoverflata. Dette arbeidet vil pågå til seinst på sommaren 2011. Totalt blir det tatt ut 820.000 fm<sup>3</sup> masse frå dei undersjøiske tunnelane.

## Opning

Fram mot opninga av T-sambandet i mai 2013, skal det vera fleire delopningar langs T-traséen. Den nye vegen mellom Mjåsund og Haugaland Næringspark blir opna allereie 9. juli i år, mens traséen Raglamyr-Ørpelvbeit blir opna 30. april 2012. Strekninga mellom Tuastad og Røyksund er allereie ferdig og blei opna i midten av november 2010.

Før opninga i mai 2013, skal ein bygga


opp og asfaltera kjørebanane, legga ny vasselidning frå Karmøy til Tysvær og installera vass- og avløpsanlegg. Til slutt skal heile tunnelanlegget sjekkast gjennom omfattande sikringskontrollar med redningsetatane og ein skal gjennomføra fleire grundige kontrollar av all elektronikk i tunnelane.

T-sambandet har ein prislapp på 1500 millionar kroner. Staten tar 31% av finansieringa, mens 57% skal dekkast inn gjennom bompengeinnkreving, mens 12% er tilskott/forskott frå vertskommunane. Bompengeinnkrevinga har pågått på sambandet Arsvågen-Mortavika sidan 2001, men etter opninga av T-sambandet skal innkrevinga skje på veg i 15 år via bom nær Mjåsund. Dei førebels takstane er 22 kroner for liten bil og 44 kroner for stor bil.



Detonasjonslunter og skyteleidning blir klargjort for nok ein salve under Karm-sundet. Inndrifta er omlag 40 – 50 meter per veke.

Foto: Statens vegvesen



Rundkjøringa, som er plassert 60 meter under Fosen, er sprengt ut i fjell og blir Noregs største med ein diameter på 83 meter.



# RDFØRAREN RDET

Kjære sambygding

## Kommuneøkonomi

I kommuneproposisjonen for 2012 varsler regjeringa det økonomiske opplegget for kommunane til neste år. I kommuneproposisjonen som blei lagt fram 13. mai, gjekk det fram at kommunane får mellom fem og seks milliardar kroner i samla inntektsauke neste år. Mellom 3,75 og 4,25 milliardar kroner av inntektsauken er frie inntekter.

I revidert nasjonalbudsjett får kommunane om lag 1,3 milliardar meir i skatteinntekter enn det regjeringa la til grunn då statsbudsjettet blei lagt fram. Det er usikkert kva dette vil utgjera for Bokn kommune då Bokn har hatt ein skattevekst under landsgjennomsnittet dei to siste åra.

Auken i skatteinntektene må ein sjå i samanheng med lønnsoppgjeret som ser ut til å gje ein del meirutgifter for Bokn kommune på årsbasis. I tillegg vil endringar i kommunen sine pliktige pensjonavsettingar auke ein del per år. Også dei varsle renteaukene vil innebere ein vekst i utgiftene for Bokn kommune.

I forhold til samhandlingsreforma er det berekna at Bokn kommune sin part av midla til denne reforma vil utgjera 882.000 kroner, i tillegg til 200.000 kroner til utgiftsutjamning. Midla utgjer kommunen si medfinansiering av spesialisthelsetenesta og utskrivingsklare pasientar neste år. I samband med reforma får kommunane nye oppgåver og eit økonomisk ansvar for pasientar som er klar for utskriving frå sjukehusa.

Totalt sett ligg Bokn kommune an til å få ein tilsvarande økonomisk situasjon som i 2010. Men framleis veit ingen sikkert kva kostnad som fylgjer med dei nye oppgåvene i samband med Samhandlingsreforma. Ho trer i kraft frå 2012.

## Fattigdom i Bokn

I følgje presseoppslag tidlegare i månaden har Bokn i prosent flest fattige i regionen i forhold til innbyggartalet i kommunen. Konklusjonen blei henta ut av regjeringa sin nyleg offentleggjorde oversikt over talet på fattige i Noregs kommunar.

Oversikten har overraska fleire enn meg, spesielt når me veit at Bokn har svært låge sosiale utgifter og få personar utan arbeid, men det er grunn til å ta dette på alvor.

Fattigdom i Noreg handlar meir om sosial utesetting enn om svolt. Men

me må ha eit arbeidsliv som gir plass til alle som vil og kan delta. I tillegg har skulen og heile samfunnslivet eit ansvar for å fanga opp fråfall frå skule og finne gode vegar inn i eit godt arbeidsfellesskap. Det er løsing med ressursar dersom unge, arbeidsføre menneske ikkje kjem inn i arbeidslivet.

I saman med NAV og helsejefen prøver me å få ein oversikt over kva som ligg bak tala. Det er nok samansette grunnar til at me har 40 personar under fattigdomsgrensa i Bokn, men biletet kan nok nyanserast ein del. Me veit til dømes at fleire husstandar i kommunen har ei inntekt, der typisk den eine er i arbeid mens ektefellen ikkje er i jobb eller jobbar i ei deltidstillting, og dermed tener mindre enn det som er definert som fattigdomsgrensa. Likevel kan husstanden samla ha ei god inntekt.

Men viss det bak tala skjular seg reell fattigdom, vil me bruke analysen som grunnlag for å setja i verk tiltak som kan avhjelpe på situasjonen.

## Kommunebarometeret

Kommunal Rapport har igjen samanlikna tenesteproduksjonen i kommunal sektor og rangert alle kommunane i Noreg. Resultatet ligg føre i Kommunebarometeret, som er ei samanlikning av landets 430 kommunar, basert på til saman 60 sentrale nøkkeltall. Hensikta er å gje dei styrande ein lettfatteleg og tilgjengeleg oversikt over korleis kommunen driv tenesteproduksjonen. Tala er mellom anna henta frå Statistisk sentralbyrå sin Kostra-database, foreløpige tal for 2010, og Grunnskulens informasjonssystem.

Bokn kom svært godt ut i Kommunebarometeret, og enda på ein sterkt 11. plass av 430 kommunar, med det beste kommunen i Rogaland. Bokn scorar spesielt høgt på områda pleie- og omsorg, kultur og innan sosialtenesta. Her ligg Bokn inne blant landets 10 beste kommunar. Bokn får også høgst mogleg karakter på områda grunnskule, barnehage og økonomi.

Dette er sjølv sagt både gledeleg og motiverande. Bokn kommune har flinke, lojale og fleksible medarbeidarar som gjennom sitt daglege virke syt for at Bokn kommune leverar blant landets beste kommunale tene-star. Det er framleis slik at ein kan bli betre på fleire område, men Kommunebarometeret fortel oss likevel at kommunen har rett retning. Plasseringa er ein stor inspirasjon, både for tilsette i administrasjonen og

oss politikarar, og vil vera ein viktig motivasjonsfaktor for at kommunen også framover skal levera dei beste tenestene til boknarane.

## Miljøstasjonen i Føresvik

Som ein følgje av endra innsamlingsordning og omfattande misbruk blei miljøstasjonane i Sandeid, Tysvær, Åksdal og i Skjoldastrauen fjerna i vår. I tillegg er miljøstasjonane i Etne og Vindafjord fjerna.

Miljøstasjonane var opphavleg tenkt som returpunkt for papiravfall og glas- og metallemballasje og som ordning for enkelte hytteabonnementar og mindre mengder restavfall frå privatpersonar. I lengre tid har desse miljøstasjonane vore utsette for eit omfattande misbruk. Miljøstasjonen i Føresvik har stort sett framstått som ryddig, men tidvis kan ein sjå at det er for mykje avfall som hamnar utføre containerane. I tillegg blir det plassert avfall som ikkje er meint for denne miljøstasjonen på utsida av containerane, til dømes vaskemaskinar, bildekki, bilbatteri osb.



Miljøstasjonen i Føresvik har i lengre tid vore utsett for eit omfattande misbruk.

Eg vil minna om at ei slik framferd er brot på mottaksreglementet og vil kunne innebere at HIM avviklar også denne miljøstasjonen. Brukarane av miljøstasjonen må retta seg etter dei reglane som gjeld, og rydda etter seg og ikkje setja frå seg avfall som er i strid med reglementet.

Eg trur svært mange set pris på å ha ein slik miljøstasjon i bygda. Difor vil eg oppmoda alle brukarane om å ta eit ansvar for at ein i Bokn også i framtida skal kunne ha ein miljøstasjon.

Ordføraren

## Møteplass for bevegelse, begeistring og glede!

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Ida Havikbotn

**Laurdag 30. april opna Krovågen hestesenter dørene for opningsfest i den nye aktivitetshallen, i samarbeid med prosjektet Kjekt på Bokn, og til tonane frå The Kvednabekkjers.**

Ordførar Kyre Lindanger retta ein stor og varm takk til Kari Christensen og Olav G. Larsen for at dei har våga å satsa, og med det tilført bygda ein ny møteplass, og ikkje minst – nok ein arena for fremjing av fysisk aktivitet på Bokn. Satsinga kom på eit strategisk gunstig tidspunkt for folkehelsekommunen Bokn, noko også folkehelsekoordinator, Anne E. Askeland, understreka frå den provisoriske scena.

Bygget har ein prislapp på ca. 1,3 mill. og har fått støtte fra Innovasjon Norge med kr. 200 000 og Bokn kommune sitt næringsfond med 50 000.

- Det er fantastisk kjekt å stå i eit splitter nytt bygg som i all hovudsak skal innehalda fysisk aktivitet, bevegelse, begeistring og glede, sa ordføraren, og overrekte Kro gård en plakett med kommunevåpen, til minne om dagen.

### Kvalitetssikring

Kari og Olav har hatt ridekurs og leirverksamhet på Kro gård i over 10 år, i hovudsak for barn og ungdom.

- Aktivitetshallen kvalitetssikrar eksisterande tilbod og opnar for nye mulegheiter, seier dei.

Og ikkje minst gjer han arbeidsdagane spennande og lystbetont. Aktivitetar som handicapridning, dressur- og sprangtrening og ridekurs kan trekka innandørs når veret tilseier det, i tillegg blir kapasiteten utvida når flere grupper trener samstundes.

### Mange mulegheiter

Innverdig klatrevegg med topptau og helling gir spennande klatremulegheiter, eit tilbod som ikkje finst på Bokn i dag. Underlaget i hallen gjer volleyball, badminton og andre treningsformar muleg på tider kor veret elles set ein stoppar for aktivitetane.

Konserten med *The Kvednabekkjers* viste at hallen også er ein super plass for uhøgtidelege konserter.

- Kro gård har kafé og møterom på låven, så sosiale treff med bygdapub, musikk og dans i hallen er absolutt ein mulegheit, fortel Olav.

### Høgdepunkt i høgda

Festen sitt absolute høgdepunkt var då ordføraren klatra til topps og klippa den raude silkesnora – ein sprekare ordførar finst vel snautt i Rogaland?

Så fekk alle som hadde lyst, prøva seg i veggen, godt sikra med sele og topptau. Ein god porsjon av Bokns absolutt største sjokoladekake, og nokre rundar på hesteryggen gjorde susen for dei rundt 100 som fann vegen til Krovågen hestesenter denne flotte laurdagen.

**Øvst: Bokst største sjokoladekake**


**Midten: The Kvednabekkjers**

**Nedst: Luftig snorklipping av klatrande ordførar**



Foto: Kari Christensen





## Holmenkollstafetten 2011

Anne E. Askeland



**Vel blåst Boknabanden; årets Holmenkollstafett vart ei oppleving av dei sjeldne - og det heile freistar til gjentaking!**

19 tilsette frå Bokn kommune gjekk muntre om bord i flyet frå Helganes til Oslo fredag den 13.mai vel vitande om at fredag den 13 kanskje ikkje alltid fører godt med seg.... Men, denne fredagen høyde ein ingen ulydar frå flymotorane og svarte kattar glimra også med sitt fråvære. Det er kanskje ikkje så vanskeleg å forstå at både svarte og lysebrune kattar kryp i ly den helga Holmenkollstafetten går av stabelen: I år stod det ikkje mindre enn tett på 34 000, nokre av dei ørlitt forvirra, personar på startstreken.....

Blant dei 34 000 var også Boknabanden; Bokn kommune sitt bedriftslag. Ein kunne kjenne på spenninga heilt fram til startskotet gjekk; etterpå var vi alle svært fokusert på å vera tilstades på rett stad til rett tid – på vår eiga veksling. Holmenkollstafetten har lagt opp til 15 etappar, alle av varierande lengd og "vanskelegheitsgrad". Etappane vart fordelte etter beste evne; i ettertid er tilbakemeldinga: "Eg spring svært gjerne same etappe også til neste år!" Det må bety at etappefordelinga slett ikkje var så verst...

Vi starta arbeidet med å få på plass eit lag frå Bokn kommune allereie i januar no i år og tidleg i mars vart det klart at vi hadde mange nok navn på blokka. Det å møtast regelmessig for å vera i aktivitet har vore noko av det viktigaste med opplegget; men det å ha eit mål å strekkja seg etter er likevel det som ofte gjer at ein...kjem nettopp i mål.

Laget frå Bokn kommune havna på plass nr. 440 av godt og vel 500 lag i same gruppe; vi fullførde med andre ord med glans! Dei involverte i Boknabanden har sjølve definert målet for stafetten til neste år: "Då skal vi slå både Rossabø Runners (Haugesund) og andre!"

Vi gjorde våre forsøk på å utfordre andre kommunar til å stille med sine bedriftslag dei og. Vi lukkast ikkje med det i år, men ryktene tilseier no at både Haugesund og Tysvær kommune har bestemt seg for å stilla til neste år; og stemmer ryktet så er vi strålande nøgde!!! Det kjekkaste ville vera at alle kommunane tok utfordringa – både for det enkeltståande arrangementets del, men viktigaste: Gevinsten av innsatsen i forkant av ein Holmekollstafett, av eit Hårfagreritt, av

ein "Sjufjellstur" – det er den som gjev den gode helsa ☺. Og god helse; ja det

er vel noko vi ynskjer for både eigen og andre sin del!!



Endeleg - på startstreken



Ankerkvinnen i mål



Vinnarlaget

## Bokaktuell

Jardar Havikbotn

I desse dagar les Kjetil Hamre siste korrekturen frå forlaget sitt, Publica Bok AS. Det handlar om den tredje boka til diktaren.

Han held også på med å finna det rette framsidebildet til bildediktsamlinga, som sannsynlegvis får tittelen *Fargerikt i svart-hvitt*. Publikasjonen blir nemleg i svart-kvitt. Til gjengjeld får produktet stive permar og får maskinsydd sider. Dei to forrige bøkene har limte sider, og går også lett frå kvarandre etter som åra går.

I boktittelen står det hvitt med bokstaven h, og dette fortel at alle dikta denne gong er på bokmål. Både Kjetil og forlag er spente på om boka då vil slå an over heile landet, og ikkje berre i Rogaland.

### Strammare form

I forrige bok; *i ord i bilder* (2008) møter leseren ein leiken og dialekt-skrivande lyrikar. Nå er det bokmålsdikt, som er strammare i formen, som gjeld.

I prosessen har forlaget sagt rett ut at nå skulle dei tyna Kjetil for det han var verd.

Nå har rytmen blitt strammare og teksten er komprimert (unødvendige ord er luka bort)

- Dette arbeidet har vore tidkrevande og vanskelegare enn eg trudde, seier poeten.

Boka er også bygd opp etter årstider, med start på våren, og har tematisk ein kraftigare raud tråd enn dei forrige bøkene.

Publikum vil finna 55-60 dikt og bilder i *Fargerikt i svart-hvitt*, to-



Kjetil Hamre las dikt frå den første diktsamlinga, *Med små bokstavar og korte skritt* (2006), då Dagsenteret besøkte biblioteket 19. mai.

vers dikt som har kvart sitt bilde, akkurat som *i ord i bilder*.

110-120 sider med stive permar vil gjera seg i hendene, men altså med alle bildene i svart-hvitt.

- Ja, det er eit kompromiss ein stakkars diktar må gjera i og med at dette er ganske smal litteratur, slår Kjetil fast.

### Lokal forankring

Også i denne bildediktsamlinga er Bokn kraftig vektlagt. Her finn du mange dikt med lokal forankring, og bilder tatt i Bokn.

Kona til Kjetil, Ina V. Tangen, har tatt omrent ein tredjedel av bildene i boka, som sannsynlegvis får eit opplag på 500 stk. og vil kosta 249 kr.

Dei tidlegare bøkene til Kjetil er utselde, og forlaget har snakka om å trykka opp nye, litt avhengig av salet på *Fargerikt i svart-hvitt*.

- Eg håpar å få ut boka til marknadsdagen i Føresvik 16. juli, avsluttar ein travel diktar.

Serie  
Kjæledyret  
mitt

Hei! Eg heiter Stratos og er 1 år og 6 månader, og er hamsteren til Sylvia.

Eg er ein kjempelat hamster, derfor blei eg kalt opp etter ein sjokolade.

Av og til når eg skal ete, sovnar eg oppi matskåla. Når Sylvia er på skulen sover eg, men når ho skal gjera lekser spring eg i hjulet mitt, og det blir masse bråk. Då blir Sylvia sint og set buret mitt utanfor soverommet til ho er ferdig. Men det bryr ikkje meg,

fordi eg berre sover.

Eg trur Sylvia synest at eg er veldig lat. Ein gong filma ho meg då eg sprang i hjule, men eg blei så sliten

at eg la meg te å sove oppi hjulet mitt. Eg elskar å ete masse mat.

Sylvia er stolt av meg, for eg tissar bare i eit hjørne! Men no blei eg trøytt, hadde!

## Stratos

Sylvia Vatnaland

Allie med kjæledyr kan  
vara med i serien.  
Ta kontakt på  
post@bygdabladet.no  
Tlf. 98 22 15 08



Neste gong fortel Marita Lie Alvestad om hamsteren NoNsToP



# Fantastisk konsert!

Jardar Havikbotn



**Handeland m/band sørga for ein strålende og minnerik konsert laurdag 21. mai.** Det var bandmedlem og boknar, Anne Tove Øvrebø, som hadde sørget for at Bokn skulle bli første stopp på turneen.

sceneutstråling og stemmeprakt så det heldt i massevis.

Det er veldig gøy å sjå vår eiga Anne Tove opptre på scenen med ei profesjonell formidlingsevne. Trygg scene-

Gismervik hadde også sine soloavdelingar. Førstnemnde er med på plata til Roger Handeland, *The Other Me*, (des. 2010), som også blei seld etter konserten, og var med då Handeland presenterte fleire av låtane frå plata. Ho



Handeland m/band sørget for ein strålende og minnerik konsert laurdag 21. mai.

Og det er folk i bygda svært glade for! Ikkje minst koret hennar, Boknakoret, som gjorde ein kjempeinnsats. Berre det å stå på kortrapp i drøye to timer er ein prestasjon i seg sjølv. Det var imponerande at dei hadde lært seg mange av songane utanåt på nokre veker, og var med og framførte låtane som om dei alltid hadde vore med i bandet.



Boknakoret gjorde ein kjempeinnsats.

For etter ei kort innleiing av Roger Handeland, og etter at dei ulike bandmedlemmene etterkvart hadde komme inn på scenen, smelte samlege aktørar til med eit potpurri over kjende songar frå *Team Hanne* og *Det store korslaget* frå 2009.

*We Will Rock You*, *Månemånnen*, *Come Together*, *Viva La Vida Lucca* og *Reis Meg Opp* runga ut over gymsalen.

Allerede då viste publikum kor stor pris dei sette på den musikalske høgstunda. Applausen gjekk over i trameklapp kvar einaste gong hendene i salen var i sving.

## Profesjonell formidlingsevne

Forutan Anne Tove, hadde Roger Handeland med seg Hibbi Mannes og Ingebjørg A. Gismervik. Dei tre damene frå Team Hanne har sjarm,

oppreden med stor innleiving og flott stemme med herleg countrynekk er ein god kombinasjon.

Som venta fekk me ei countryavdeling med m.a. *Comin' Down In The Rain* og *Bokn, Når Eg Dør (Texas, When I Die)*, til stor jubel i salen. Mange sambygdingar (og underteikna som den tidlegare musikkklæraren hennar) var nok stolte av *Boknå*, som

viste også stemmeprakt i solonummet *Respect*, i skikkeleg Aretha Franklin-stil.

Stor stemmeprakt viste også Ingebjørg A. Gismervik i tolkningane av Beatles-låten *Help* og i *Over The Rainbow*, sistnemnde tydeleg inspirert av Eva Cassidy sin legendariske versjon.



Sjarm, sceneutstråling, stemmeprakt og stor formidlingsevne og –glede er passande stikkord for fv. Ingebjørg A. Gismervik, Hibbi Mannes og Anne Tove Øvrebø.

Anne Tove gjerne blir kalla i musikarkretsar.

Hibbi Mannes og Ingebjørg A.

## Kvalitet

Konserten er bygd rundt nemnde CD, og hovudpersonen sjølv viste heilt frå starten at han er blant dei mest er-

farne musikarane på Haugalandet. Med sin uformelle og lune veremåte var den gode og viktige kommunikasjonen med tilhøyrarane der frå første minutt. At han har ei herleg stemme, var godt kjent frå før. Med plata *The Other Me* står han også fram som ein god låtskrivar.

Høgdepunktet for underteikna var likevel coverversjonen av Tom Waits sin kjærleksballade *Jersey Girl*, gjort mest kjent av Bruce Springsteen. Roger Handeland sin versjon, med fullt band og kor, var vel så god som *The Boss* sin.

Med eit godt samspelet band, der mange flinke instrumentalistar trylla fram flotte soli mellom solide vokalprestasjoner, og gromlyd laga av Kjetil Ulland bak mixepulten, gjekk dei drøye to musikalske timane fort for dei rundt 100 frammøtte (alt for lite) – for fort.

**Me tar gjerne imot fleire slike konsertar!**



**INNLEVING 1:**  
.....for Boknafjedle e ner te himlen  
min..... song Anne Tove Øvrebø i Bokn,  
når eg dør.



**INNLEVING 2:**  
.....Somewhere over the rainbow  
Skies are blue..... song Ingebjørg A.  
Gismervik.

## Ordet fritt

### Soga om engelskmennene som vart skotne under 2. verdskrig

Bjørn Gunnar Nedrebø

**Eg viser til innlegget under overskrifta Forteljingar frå krigen i Bokn Bygdeblad mars dette år. Etter som eg oppfattar innlegget, har det blitt fortald om engelskmennene som først kom i land i Loden og seinare flytta dei seg til Kjøynå (i Ogn.) I innlegget er det skrive at det var fire engelskmenn som vart skotne. Dette er feil.**

**Soga er som følgjer:**

29.april 1943 vart sju engelske kommandosoldatar frakta over Nordsjøen med den norske motorpedobåten 626. Dei skulle utføre operasjonen "Checkmate". Oppgåva var å senke tyske skip i Karmsund. Dei vart overlatne til seg sjølv vest av Karmøy i ein 30 fots skotskbygd fiskebåt som seinare vart sett på grunn ved Tostræ mellom Susort og Buste i Tysvær. Leiari var löytnant Jan Godwin.

Båten tok land ved Bussholmen, like ved den tyske festninga på Loden. Der hadde dei i fleire dagar hjelp av Torger Grønnestad og Erling Jøsang. Dei skaffa engelskmennene mat i form av egg, hummar o.s.b. Dei hadde kontakt med alle sju. Engelskmennene hadde motorproblem og fekk m.a. deler til denne av motstandsmannen Frimann Skeie i Kopervik.

Natta mellom 3. og 4 mai 1943 padla 4 mann under leiing av Godwin over Karmsundet i kajakkar der dei festa 4 sprengladningar til skutesida på eit tysk vaktekip. Skipet vart senka. F.

Skeie tok bilet av hendinga. Rykta byrja no å gå på Bokn. T. Grønnestad/E. Jøsang meinte dei måtte gå til Kongshamn på V. Bokn. Men av ein eller annan grunn gjekk dei til Kjøynå. Dei var no berre tre mann. Dei fire som stod for toktet, var att på Karmøy.

Dei tre som kom til Ognøy, var i kontakt med Little-Lars (Lars Ognøy). Desse tre gjekk ei fin mainatt til Tostræ og sette båten på land. Truleg hadde dei tenkt å senka båten, men det var for grunt slik at han var godt synleg. Same natta merka folk på garden til Olida Susort (noverande elgar Geir Helge Susort) at hunden var uroleg og neste morgen fann dei eitt engelsk flag i tunet. Folk på land hadde no og sett båten. Saka blei meldt til lensmann Gard i Tysvær som kom til staden. Han sa: "dette melder vi ikkje til tyskarane før til kvelds". Tyskarane kom om kvelden til Susort og tok inn på garden på Susort. Dei sette opp mitraljøser og skaut på båten før dei entra han, men det var ingen att i båten. Frå Susort tok engelskmennene vegen over til Falkeid, rodde over Storavatnet. Dei skal ha blitt meldte før dei vart tekne.

Planen for alle var at dei skulle koma seg til Urter for å verta henta av torpedobåt. Dei fire som utførte toktet padla i kajakk på vestsida av Karmøy. Dei gjekk først i land på Stavsanden der dei fekk hjelp. Seinare kom dei seg til Urter, men dei vart meldte av ein

fiskar frå Torvastad. Slik vart dei tekne 15. mai 1943.

Fem gonger kom det MTB-båtar frå England til Urter i von om å få dei med attende. Rasmus Rasmussen frå Vibransøy dreiv makrelldriving ved Urter den gongen og han såg MTB-båtane 16. mai. Dei var heilt oppunder skutesida deira, samt at dei gjorde Morseforsøk med lys mot Urter. Først 7. juli 1943 fekk den engelske etterrethingstenesta vita at dei var tekne og førté til Grini. Derifrå gjekk ferda for alle sju til Sachsenhausen. Alf Aadnøy, seinare kulturredaktør i Stavanger Aftenblad, hadde der mykje kontakt med dei. Han kunne fortelje at dei sju engelskmennene dagleg måtte gå 47 km for "å prøva ut" tyske militærstøvlar. Han hugsar Godwin som ein stor songar.

2. februar 1945 vart 6 av dei skotne. Den 7.- Alfred J Roe-"Walterroe"- låg sjuk i brakka. Han vart pleia av bergensaren Rolf Skauge som fortalte han om kameratane hans. Skauge greidde seinare å få på han ein fangendrakt og endra skiltet frå N til E. Slik fekk dei frakta han til Bergen-Belsen der han seinare døydde av flekktyfus.

**Kjelder:**

1) NRK-medarbeidar Magne Misje sitt intervju med: Torger Grønnestad, Frimann Skei, Alf Aadnøy og Rolf Skauge

2) Årsskrift 1992 Tysvær historie - og ættesogelag

3) Personlege intervju med Harald Schröder, Røvær og Sigrid Susort, Susort.

# Eg seie meg så

Birger Lindanger

Kanskje var denne runden i enklaste laget. I alle fall fekk to alt rett medan to hadde ni av ti rette. Resten hadde åtte av ti rette! Det var ikkje noko særskilt uttrykk som skapte vanskar, men det blei litt drøfting kring uttrykket "vidlond" som blei sagt å vera ein bokvariant av "bidlond" som tyder "å ha tålmod".

## Så forklaringa til dei førre uttrykka:

- |                 |   |
|-----------------|---|
| 1. å ha vidlond | å ha tålmod   |
| 2. håvetomla    | ør, svimmel   |
| 3. å kre for    | å kjempa for, hegna om. Jfr det kjende uttrykket "det krer for livet om det ikkje e aent enn ein tysværbu." |
| 4. nøben        | nærtakande, kjenslevar  |
| 5. maroder      | slakk, elendig  |
| 6. maska        | halda på med  |
| 7. mehe         | ein det er lite med, tosk, tulling  |
| 8. ruttlitte    | litt vasen, senil, forvirra   |
| 9. pillement    | problem, vanskeleg situasjon  |
| 10. transla     | herja med, uvoren behandling av noko  |


Som nemnt var nivået denne gongen imponerande.

## Dei beste denne gongen var:

- |                               |         |
|-------------------------------|---------|
| 1. Andor Borgenvik            | Altrett |
| Sjukestova                    | Altrett |
| 3. Oddbjørg Bokneberg Øye     | 9 av 10 |
| Ragna Alvestad/Helga Alvestad | 9 av 10 |

Samla poengsum etter eit år er avgjerande for kven som blir den endelige vinnaren og kan ta mot billettar til cruiset.

Kan dette vera ein hund som gjøy sar?



Er Kukkelura ei ur nord ved Halvardsvika? Etter at fjellet rasa ut, gol det ein hane i sjø år under steinane: "Kukkelu ku!" Sidan blei ura kalla "Kukkelura".

## Høg fart på E39

Jardar Havikbotn

**Utrykningspolitiet (UP) gjennomførte laserkontroll på E39 ved Knarholmen 15. mai.**

I løpet av den to-timar lange kvelds-kontrollen, blei det totalt skrive ut 14 forenkla forelegg. Høgaste hastighet blei målt til 103 km/t i 80-sona sør for

Knarholmkrysset. Dette var under grensa for førarkortbeslag, men føraren fekk seg eit forelegg på 4900 kroner og to prikker i førarkortet.

I løpet av kvelden hadde UP også overvåking av sjølv krysset i Knarholmen. I den samanhengen fekk tre bilførarar forelegg for kjøring over sperrefelta. Manøveren blei belønna med forelegg på 3200 kroner for kvar førar.



### **Olav Nedrebø, fødd 7. desember 1920, døydde 29. mars 2011.**

Olav vart fødd på Nerabø. Foreldra var Gunhild og Bjarne. Han vokt opp som nr 2 av 4 sysken. Han måtte tidleg ta del i gardsarbeidet, men det var ikkje der han hadde dei store interessene. Derimot viste han svært gode boklege evne.

Då han var vel 19 år gammal kom krigen, og for han som mange i hans generasjon, vart livet sett "på vent". Det vart småjobbar. Mellom anna rodde han saman med Torolf Øvreboe mjølka frå Tåganes til Føresvik for 2 øre literen. Etter krigen tok han elektrotdanning i Göteborg.


I 1949 fekk han sin første faste stilling v/Telefonsentralen i Oslo. Frå 1949 til 1958 arbeidde han hos Per Kure i Oslo med testing av transformatorar.

I 1958 reiste han til USA, nærmere bestemt Chicago. Der traff han Gerd som han gifta seg med i 1964. Med unnatak av ein kort periode på 60-talet, budde og arbeidde han i USA til han var langt over 70 år.

I 1999 kom dei heim til Noreg og busette seg i Homborsund der dei har budd fram til han sovna inn på Arendal sjukehus etter eit kort sjukeleie 29. mars d.å.

Olav var ein ærleg mann av få ord.

Kona lever att etter han.



### **Herlaug Alvestad, fødd 11. august 1938, døydde 10. april 2011.**

Ho er fødd i Føresvik. Foreldra var Dagny og Hagbart Bokneberg. Då Herlaug var 10 år gammal flytta familien til Austre Bokn. I barneflokken var ho eldst av fire.

Herlaug gjekk på Handelsskulen i Stavanger, og etter det jobba ho på Austre Bokn Handelslag, seinare på Vestre Bokn Handelslag.

I 1958 gifta ho seg med Magne Alvestad og dei bygde heimen sin i Alvestadkroken. Herlaug var rekneskapsansvarleg for fiskebåten Håflu, i tillegg til å vera husmor.

Ho var ein periode engasjert i lokalpolitikken i Bokn. Ellers likte ho godt å vere på sjøen, ho var med på makrellfiske og anna småfiske.

I dei siste åra brukte ho mesteparten av tida si på familien sin og spesielt barnebarna når dei kom inn i livet hennar.

Herlaug etterlet seg mann, tre barn og sju barnebarn.



# Kulturkalenderen

## Juni

- 05. Gudsteneste kl. 11.00
- 07. **Kulturskulekonsert i Auditoriet kl. 18.00.**
- 08. **Basar på skulen, arr. Bokn sanitetsforening**
- 10. Kino i Auditoriet
- 12. Gudsteneste kl. 11.00 i Tysværkyrkja, felles Bokn og Tysvær
- 19. Gudsteneste kl. 11.00 ute i Loden, felles for Bokn og Tysvær
- 23. Jonsokfeiring på Nærmiljøanlegget på Fyren,  
arr. Bokn KFUK-KFUM-speidara

## Juli

- 16. Sommarmarknad på kaien i Foresvik

Endringar og nye arr. er **utheva**.

## Bokn Bygdablad for 20 år sidan

FRÅ NR. 4 1991

### KONG HARALD V TIL BOKN 26. JUNI

Som kjent har det gledelege skjedd at Hans Majestet Kong Harald V har akseptert innbydinga frå Bokn kommune om å foreta den offisielle åpninga av Kyststamvegen gjennom Bokn.

Etter det som nå er kjent vil kongen koma med bil frå Haugesund og vera på Bokn i 1 time frå kl. 14.00 - kl. 15.00. onsdag den 26. juni.

I det tidsommet vil den offisielle åpninga av vegen finna stad på Are, og ferjetrafikken vert sett i gang. Kl. 15.00 vil kongen forlata Are og Bokn med kongsskipet.

Etter det offisielle programmet er slutt, vil kulturstyret i samarbeid med organisasjonar i kommenen arrangera ein folkefest i skuleområdet. Det er leigd inn eit stort telt, og det vil bli både utstillingar, matsalg og underhaldning ut over ettermiddagen.

Bokn kommune ynskjer at kongen og andre gjester skal få sjå kommunen frå si beste side denne dagen, og ein vil derfor oppfordra alle til å vera ekstra nøyne med vårpussen i år. Det bør sjå velstelt og fint ut både hos private og hos det offentlege denne dagen. Bokn kommune vil også setja i gang opprydding på offentlege stader, og hjelpe til med at folk kan bli kvitt rusk og rask. Nærare informasjon om dette kjem seinare i rundskriv.

## Halloween eller 17. mai?

Nokre utdrag frå talen  
av Birger Lindanger

NRK-lokalen fortalte nett at skuleborn i Sandnes lika Halloween betre enn 17-mai. Er glansen av 17. mai og raudt, kvitt og blått i ferd med å bli erstatta av amerikanske skrømt?



Den 2. mai drog Bokn skule til festninga på Loden og møtte folk som var skuleborn då ho blei bygd. Dei blei viste hakekrossen i ein av bunkersane og fekk vita at Noreg ikkje alltid ha vore fritt. Det var år då det var forbod mot å feira 17. mai og livsfarleg å seia mot styresmaktene. Leif Vatnaland fortalte om koss ein kamerat nære på blei skoten då Hognaland skule var på skogplanting i Loden. Tida då også Bokn var under jernhælen, er faktisk ikkje langt unna!

Opp mot helvta av alle folka i verda lever framleis i ufridom og kan risikera fengsel for å meina noko. I arabarverda ofrar nett nā tusenvis av menneske livet for å få lov til å feira noko tilsvارande 17.mai slik også nordmenn har ofra liv og helse for fridommen her til lands! Dette er det markerar med 17.mai-feiringa, er dette mindre viktig enn ved å leggja oss flate for amerikanske tradisjonar?

Dette er også dagen for fellesskap, solidaritet og integrering. Det er dagen då me markerar at me ikkje er oss sjølv nok, men inkluderar alle i det gode fellesskapet. Og det anten me har tolvt generasjonar eller tolvt månadar i bygda og anten me er fødde i Våga eller Polen. Me feirar fellesskapet og det veksande mangfaldet i bygd og land, men gløymer ikkje solidaritet med dei som treng oss ute i verda. Når det trengst, tek boknarane i så det monnar.

For boknarane er øybuar og har vatn heilt rundt. Sjøen skilde, men batt også i hop. Midt i leia låg og ligg me. For dei gamle boknarane var ikkje den vide verda lang unna. For drygt hundre år sidan gjekk skip i dagleg rute frå Nore Vågaholmen over Nordsjøen. Boknarane var fiskarar og sjofolk, for vidt i kring og tok verda med seg heim. Boknarane var opne for verda og inkluderar tilflyttarane anten vogga sto i Bryne eller Brasil.

Bruene gav oss ei ny kjensle av fridom, men representerte også nye utfordringar. Brått opplevde me at by- og fastlandskulturna la boknakulturen under press på ein annan måte enn før, ikkje minst galdt det dialekten. Det er også eit ansvar som kviler på oss, å ta vare på det beste boknakulturen. Kulturna er det som gjev livet mening og innhald, røter, identitet og bidreg til det nasjonale og globale mangfaldet som gjer livet rikt. Skulle boknakulturen døy, blir også det norske språket fattigare.

La dette vera mottoet for denne 17.mai feiringa: Me feirar fridommen som gjev oss mangfald. Me feirar det gode fellesskapet og det beste me har skapt: Lokalt, nasjonalt og globalt. Det går ei line frå vikingen via sjømannen til oljearbeidaren: Dei kryssa grenser og tok det globale fellesskapet med hit utan å mista dei faste røtene i Bokn.

Sjå også s. 16

# Gratulerer!

Send bilde og tekst til post@bygdabladet.no eller MMS til 98 22 15 08



**Stian Øvrebø 5 år, 11. mai**

Gratulerer med 5 årsdagen :)

**Hilsen Sofie, Line, pappa og mamma**



**Harald Nygård 75 år, 12. mai**

HippHippHurra!!!..for besten som fyller 75 år!

Gratulera så masse med dagen!

**Klem fra Martine, Gina, Åse Helen og Espen**



**Sofie Øvrebø 7 år, 19. mai**

Gratulerer med 7 årsdagen :)

**Klem Stian, Line, pappa og mamma**



**Annelin Eide 13 år, 22. mai**

Gratulera med 13 års dagen din, me er kjempeglad i deg!

**Klem Amalie og Målfrid <3**



**Kim Andre Hammer 35 år, 24. mai**

Me vil gratulere vår flotte samboer/pappe med 35 års dagen.

Hipp hurra!! Utrulig glad i deg!

**Klem fra Natalie og Karoline :)**



**Magnus G. Avestad 8 år, 27. mai**

Hipp hurra for Magnus, den knallkjekke gutten vår som blir 8 år 27. mai. Håpe du får en fin bursdag i Tyrkia.

**Stor klem fra farmor, farfar og tante Irene.**



**Olaug Hognaland 90 år, 28. mai**

Hipp Hurra for Oldemor Olaug som fyller år. Laurdag 28. mai var ho 90 år!

**Masse hilsener frå Torgils , Malena, Tove og Odd Øyvind**



**Lene Vatnaland 9 år, 29. mai**

Gratulera så masse med 9 års dagen.

**Mange gode klemmer fra mamma og pappa:)**



**Hermine Lindanger 9 år, 30. mai**

Me vil gratulera Hermine med 9-års dagen den 30 mai.

**Knip og klem frå mamma, pappa, Albert, farmor og farfar.**



**Adrian Hesthammer 10 år, 8. juni**

Me vil gratulera den flotte gutten vår, og storebroren vår med dagen! Glad i deg!

**Stor klem fra Martine, Noah, mamma og pappa**



**SPREKE BOKNARAR:** Fv. Trond Vatnaland, Janne Elin Vatnaland, Hege Sunde og June Grønnestad gjennomførte den fem km lange løypa i *Hydro Rundt* 12. mai med glans.

**Bokn Bygdablad gratulerer!**

# Skuleturen til fortida – for å ta vare på helsa og historia

Birger Lindanger

Måndag 2. mai drog skuleungane i Bokn på tur til fortida! Tri bussar stappfulle med rundt 120 elevar, eit par handfullar lærarar og nokre frå Bokn historielag. For nå skulle gjengen på tur til fortida. Bak tiltaket sto *Kjekt på Bokn*, skulen og Bokn historielag.

Målet var tyskarfestninga på Klepp i Loden. Men på vegen stoppa bussane på Vatnaland,

sto opp på kjellarveggen til Liv og Leif Vatnaland og då Are, Hognaland og Laupland var ei øy for seg, på Dagsland om heksa som blei brend for å ha gjort Sten Dagsland alvorleg sjuk og gjort ende på hesten til Guttorm Vatnaland, på Økland blei det fortalt om det utborne spedbarnet som græt så sárt oppe i haugane, i Straumen om vikingeskatten og om koss kanalen og brua blei

frå eit framandt land sør i haugane og om koss tyskarane i ein periode hadde teke over husa på garden og jaga folket, gjekk ferda vidare mot sjølv festningsområdet. Me enda opp ved kommandosentralen der elevflokkene først blei delt i to hovudgrupper. Den eine halvparten blei sett til friluftsaktivitetar, den andre blei delt i fem mindre grupper med kvar sin lærar og kvar sin guide frå



Foto: Kyrré Lindanger

Mykje folk ved kommandosentralen på Klepp festningsanlegg.

Dagsland, Økland, i Straumen og til sist på Loden med utsyn over Kjøynå og Vestre Arsvågen. I kvar buss fortalte ein kar frå Bokn historielag tider som hadde vore.

## Historiar frå Bokns fortid

På Vatnaland fekk dei vita om tida då sjøen

til og på Loden om då Erling Skjalgsson fall utanfor Vestre Arsvågen.

## Friluftsaktivitetar og krigshistorie

På Loden venta den lokale guiden Leif Våga oss. Etter ei orientering om koss ei gammal kone alt kring 1903 hadde sett i eit syn folk

historielaget. Kvar gruppe var delt inn på tvers av aldersgruppene slik at dei fleste klassestegar var representerte i kvar gruppe.

Så bar det av stad: Til sjukehuset, kjøkkenet og festsalen framom grisehuset og til offisersbrakka der tri av syskena til Leif Våga fekk julesnop av sjølv kommandanten. Vidare bar det framom eit utebrakke og doane litt nedanfor dei langstrakte bygningane. Det bar inn og ut av skumle bunkersar, opp på imponerande kanonstillingar, framom stall, smie og garasje, framom stillingar til gigantiske lyskastarar, over bronner, gjennom løpegraver og maskin geværstillingar, luftvernstillingar og ikke minst innom sjølv kommandosentralen.

I median blei det fortalt om eit halvt hundre polske krigsfangar som sleit som tvangsarbeidarar, om hundrevis av norske arbeidarar som blei leigde inn og om borna i nabologatet som gav svoltne arbeidarar mat og om eit hundretals tyske soldatar som vel mest lengta heim. Til vederlag for gåvene til polakkane fekk dei små, handlaga gjenstandar: Mellom anna små utskorne fuglar og metallskjer. Det blei fortalt om engelskmennene som låg på lur for å sprenga båtar i Koparvik. Dei fekk hjelpe av boknarane, men blei tekne, sende til koncentrasjonsleiren Sachsenhausen og til sist skotne.

Det blei fortalt om kva lagnad brakkene fekk etter krigen og om kor lite mat tyskarane hadde sist i krigen. Det blei fortalt om menn som åt egg rå og med skalet på! Det blei fortalt om då skuleborn på skogplanting hamna i eit skytefelt under øving og skota small inn i berget ved sida av dei. Og kanskje skumlast av alt, ved inngangen til ein mørk bunker hadde nokon rissa inn ein hakekross og årstalet 1941.

## Røydehabn

Men Loden var ikkje bare festninga. Turen gjekk gjennom llynghøia ned til Røydehabn med restar etter buer som var i bruk av fiskarar for over tusen år sidan. Her var det eit yrande liv under sildefisket for 70 år sidan. Her var strekt ut telefonliner, her var kaiar og vassforsyning. Her låg flåten skøyte i skøyte heilt ut til Brennevinskjæret og endå



Foto: Anne E. Askeland

Jærkokken Heine Grov hadde god hjelpe på skulekjøkkenet av fv. Inger Jøsang, Judith Grønnestad og Ragnhild Laupland.



Folkevrimmel



Foto: Kyrre Lindanger

**Utforsking av ein bunkers.**

lenger.

#### 250 Fiskeburgarar

Etter runden bar det opp til kommandosentralen att. Klokka var tolv og det var mat, fiskeburgarar laga av medbrakte kokkar. Etter måltidet blei elevflokkene delt i to grupper. Nå skulle dei som hadde drive friluftaktivitet inn i fortida medan dei andre skulle ha friluftaktivitet. Ved tritida bar det heim att i bussane med lærarar oppdaterte om Bokns fortid og elevar mette av inntrykk og med nye minne for livet.

**For Bokn er så mykje meir enn det som viser frå europavegen.**



Foto: Kristoffer Nordhus

**ORDFØRAR, TIDL. ORDFØRARAR OG TIDL. VARA-ORDFØRARAR PÅ TUR:**  
Fv. Leif Vatnaland, Arne Hosaas, Birger Lindanger, Sigrunn Hole Hosaas, Sigvart Våga og Kyrre Lindanger.



Foto: Kyrre Lindanger

*Utan mat og drikke.....: Takk til fantastiske kokkar!*

**Med "Frisk i friluft" aukar kommunen satsinga på fysisk aktivitet;  
- og arbeidet er i gong!**

Anne E. Askeland

I 2010 vart det inngått to partnarskapsavtalar mellom Bokn kommune og Rogaland Fylkeskommune: Partnarskap for folkehelse og partnarskapet "Frisk i friluft".

"Frisk i Friluft" er ein del av den nasjonale FYSAK-satsinga, som innebærer at fylket har forplikta seg til å jobbe systematisk med fysisk aktivitet i det helsefremjande arbeidet. Denne modellen innebærer eit partnerskap mellom stat, fylkeskommune, kommune og frivillige organisasjoner, der Rogaland fylkeskommune innehavar koordinatorrolle. FYSAK/"Frisk i Friluft" er vidare sektorovergripende og tverrfaglig både på fylkeskommunalt og kommunalt nivå, der dei frivillige organisasjonene er viktige bidragsytarar.

Bokn kommune valde i sin handlingsplan for "Frisk i friluft" å satse på å tilrettelegge for tiltak med fokus på både det fysiske og det psykiske aspektet; det var viktig å fokusere på "heile mennesket". I den samanheng vil det verta arrangert aktivitetar som skal bidra til at boknarane får an-

ledning til å både vera fysisk aktive samstundes som ein tilrettelegg for eksempelvis identitetsbyggjande tilnærmingar, haldningskapande tilnærmingar – ja; rett og slett: det er avgjerande å sjå "heile mennesket" under eitt.

Det første arrangementet som gjekk av stabelen var ein historisk tur til Loden, Bokn kommune, ved Kjekt på Bokn, i samarbeid med Bokn historielag inviterte alle skulelvane til å ta ut på tur. Det var viktig å ha like høgt fokus på dei fysiske aktivitetene som det historiske. Etter tilbakemeldingane å døma fekk ein godt utbytte av begge deler. Som arrangør var det fascinerande å notere seg at både lydnivå og fart vart noko annleis på vegen ut til Loden enn på vegen tilbake: Iveren og energien var til å ta og føle på, ein høyrdje "omen" av fylgjet lang veg. På veg heimatt rusla dei fleste, ein ante at mange var godt slittne. Det er for øvrig slett ikkje til å undra seg over: Alle, inkludert dei aller yngste, 1. klassingane, var i hektisk aktivitet heile dagen – i eitt strekk. Målet var no likevel

også at ein skulle kjenna på kroppen at kroppen og sjela hadde fått bryna seg litt; det handlar om å fremja god helse – for heile mennesket. Vi sov så godt alle; når kroppen og sjela har fått bryna seg, når ein er positivt sliten.... Den friske lufta; ja – ein vert frisk i friluft.

Vi lyt få takka Arne Hosås spesielt, som på sparket gjekk inn som ein av historieforteljarane (Takk Arne!!!! Du gjorde ein uvurderleg jobb som gjorde at logistikkene likevel gjekk opp!) samt takka alle andre som bidro generelt: Utan innsatsen både på kjøkkenet og ute i felten ville vi ikkje kunne arrangert ein dag som denne.

**Avslutningsvis:** Vi har som mål å arrangere ein tur til Ådhaneset neste gong; og basert på tilbakemeldingar frå turglade og historieinteresserte boknarar er det eit stort ynskje at denne turen vert tilrettelagd for at så mange boknarar som mogleg kan få delta. Det gler oss at mange ivrar etter å delta; vi skal gjera alt vi kan for å møtekoma ynskjet dykkar!



## Kongens fortjenestemedalje til Olav Jørmeland

Tekst: Kyrre Lindanger - foto: Tom Erik Forshaug

**Fredag 15. april blei Kongens fortjenestemedalje i sølv delt ut til boknaren Olav Jørmeland av ordførar i Stavanger, Leif Johan Sevland.**

Seremonien fann stad med om lag 60 tilsette tilstades på Jørmelands arbeidsplass, NOHA Norway AS på Forus. Bakgrunnen for tildelinga er Jørmelands mangeårige innsats på arbeidsplassen og engasjement i Sunde idrettslag på Jæren.

Olav Jørmeland har vore tilsett i NOHA Norway AS sidan 1970 og er framleis tilsatt i ein 50%-stilling i verksemda. NOHA Norway AS er verdas største produsent av branntromlar med og utan skap. Jørmeland starta som lakkera og overtok seinare som arbeidsleiar for sveis og lakkavdelinga og har i dag eit særskilt ansvar for verksemda sine offshoretromlar.

Olav Jørmeland har vore engasjert som oppmann og trenar for verksemda sitt fotballag i ei årrekke på 70 og 80-talet. Han har også vore formann og aktiv skyttar i verksemda sitt



Fv. Paul Williams frå UTC som er eigar av NOHA Norway AS, Olav Jørmeland, Per Magnus Bore og ordførar Sevland.

miniaturskyttarlag. I tillegg har han vore tillitsvald og klubbformann i fagrøysla i NOHA. I fritida har Olav Jørmeland vore engasjert i Sunde idrettslag, først som trenar for ungdomsavdelinga i fotball frå

1984 til 1987, vidare var han med i Sunde Ils handballavdeling som føredrekontakt mot styret i perioden 1994 til 2000.

Olav Jørmeland har sidan 2007 vore busatt på Austre Bokn.

## Tradisjonell nasjonaldag

Jardar Havikbotn

**17. mai 2011 går over i historia som ein godt gjennomført folkefest med eit flott program.**

Alle som har oppgåver rundt det offisielle arrangementet, anten det er komiteen eller alle laga, eller 9. Kl. m/for., veit godt kva dei skal gjera, og det er som regel berre veret som kan hindra suksess på utedagen. Og heldigvis var det denne gong berre tendensar til regnver.

Komiteformann Jostein G. Larsen, som viste seg å vera ein veldig flink festleiar, kunne ønska ein full gymsal velkommen til feiring. Som vanleg kunne også dei som var ute høyra lyden frå inneprogrammet gjennom dei tre lydhorna som heng rundt skulen. Men dei som sat i rommet ved siden av skulekjøkkenet kunne ikkje følga med på programmet. Dette gjer me betre til neste år.

Birger Lindanger heldt ein flott tale (**sjå s. 12**) før Anne Tove Øvrebø spelte piano og song, og viste kor langt ho er komen i formidling av musikk. Kjempefint var det. Attandeklassingane Juli Bokneberg, Sofie Rossebø og Ellen G. Johannessen stod for ein god appell. Det var ikkje lett å høyra alt som ble sagt, i ein sal med mange urolege ungar.

Utetemperaturen kunne vore høgare, og det var ikkje smekkfult ved dei mest verutsette leikestasjonane. På fotballbanen var dette mest merkbart, ikkje berre pga. den kalde vinden, men også for at programoppsettet Bokn Painballklubb glimra med sitt fråver.



Det vil etterkvart bli laga eit fotoalbum frå dagen på bokn.no under **Bilder**.

Eg høyrd fleire som sakna denne aktiviteten, og håpar dei er på plass att neste år.

Men Pluggen Motorklubb var på plass og viste oss som vanleg halsbrekkande og spektakulære ting med trialsyklane sine - like populært kvar gong.

Det er også barnekorinnslaget. I år igjen inviterte dei til ei lita musikalsk kosestund, før konferansen tok for seg slutten på programmet, med trekningar og premieut

delingar.

Odd Grønnestad fekk heider i samband med sine mangeårige saluttar frå Boknafjellet, og Venevik Birkeland for allsong-akkompagnatør i utallige år.

På vegne av Bokn musikkorps vil eg takka dei som var med og forsterka korpsset. Spesiell takk til Wolfgang B. Ognøy for at han i tillegg hadde kontroll på lyden!

# Hjertestarter på Bokn legekontor

Dag-Helge Rønnevik

**Bokn legekontor har nå investert i ny hjertestarter for å få gitt rask hjelp til personer som måtte få hjertestans.**

I tillegg er det hjertestartere på ambulansen og på Coop Marked Bokn. Når en person får hjertestans er det viktig å starte med rask hjerte-lungeredning (HLR) og få gitt "sjokk" så raskt som mulig. Selv om det nå finnes flere hjertestartere i kommunen må det ikke bli "sovepute" – det viktigste er fortsatt enkel førstehjelp med hjertelunge-redning (HLR). Jo flere som behersker det, jo nærmere er hjelpen når det trengs. Nå er det 30 kompresjoner og 2 innblåsinger som gjelder (før var det 15:2).

## Hva er hjertestans?

Hjertestans betyr at hjertet plutselig slutter å pumpe blod. Noen har en hjerterytmje hvor hjertet bare vibrerer, disse kan vanligvis startes igjen med en hjertestarter. Noen har et hjerte som står helt stille. Begge disse trenger hjerte-lungeredning. En hjertestarter kan avgjøre om hjertet trenger strømstøt eller ikke.

## Årsaker til hjertestans?

Vanligvis skyldes plutselig hjertestans en tilstoppet blodtilførsel i en blodåre som forsyner hjertemuskelen (hjerteinfarkt). Disse har ofte forutgående brystsmerter. Ofte er det ikke et forutgående hjerteinfarkt, men et elektrisk "ulykkestilfelle" i hjertet. Man kan da plutselig miste bevisstheten uten forvarsel. I tillegg kan hjertestans skyldes mange andre tilstander, som medfødte hjertesykdommer, forgiftninger, drukninger, ulykker osv. Men ofte rammes yngre og helt friske personer av hjertestans. Dette er hjerter som er "for unge for å dø". Kunnskapen i HLR er derfor like avgjørende for disse personene.

## Tiden

Hvis det i nærheten finnes en hjertestarter og personer som kan HLR og er villige til å hjelpe, så kan langt over 50 % av pasientene reddes tilbake til livet. For hvert minutt som går



Kommuneoverlege Dag-Helge Rønnevik, sykepleier Anne Lise Nilsen og helsesøster Henriette S. Lindanger er fornøyd med at det nå er hjertestarter på Bokn legekontor.

Foto/billedtekst: Jardar Havikbotn

uten at hjelpen påbegynnes så minker sjansen for overlevelse. Allerede etter fem minutter begynner kroppen å få varige skader av oksygenmangelen som følge av hjertestansen.

Den viktigste behandlingen for de fleste av disse pasientene er at HLR startes straks og at det så raskt som mulig deretter gis et strømstøt gjennom hjertet med en hjertestarter. Ett eller flere strømstøt kan få hjertet til å slå normalt igjen.

## Hjerte-lunge-redning (HLR)

Sannsynligheten for å overleve en hjertestans øker dramatisk hvis personens blodsirkulasjon og pust holdes kunstig i gang med HLR mens man venter på ambulanse. 30 brystkompresjoner og 2 munn-til-munn innblåsninger utføres vekselvis uten opphold. Det er viktig at du gjør noe selv om du er usikker, alle tiltak er bedre enn å bare passivt vente på ambulanse. Hvis du ikke får til – eller av ulike grunner ikke ønsker å gi munn-til-munn innblåsninger, så er det også god hjelp å bare gi brystkompresjoner til ambulanse kommer. Ring 1-1-3, så sender de ambulanse og så får du

dessuten veiledning i hva du kan gjøre mens ambulansen er på vei. Uten innsats fra de som er tilstede har ambulansepasjonell minimal sjanse til å starte hjertet og få hjernen til å overleve den tiltakende og skadelige oksygenmangelen. Vi vet at det går mange minutter fra alarm til ambulansen er fremme, også i sentrale strøk, derfor må HLR gjøres helt i fra starten av, og med så god kvalitet som mulig og helst uten noen avbrudd.

Ut fra statistikk vet vi at de fleste som får hjertestans er eldre personer og at den vanligste årsaken er hjerte-karsykdommer (69 %). Vanligvis skjer hjertestans i hjemmet eller på arbeidsplassen. Ofte får pasienten varsel-symptomer på hjertestans før den oppstår, slik som smærter midt i brystet, pustevansker eller besvimmelser. En plutselig hjertestans krever raskest mulig oppstart av behandling med HLR og hjertestarter. Det er en fordel å ha gått på kurs og lært deg dette, men uansett så får du hjelp og instruksjon i hva du kan gjøre når du ringer 1-1-3.

Kilde: Norsk Resuscitasjonsråd (NRR) (<http://hjertestarter.info>)

## Akuttmedisinske øvingar

Jardar Havikbotn

**Bokn kommune og Bokn Røde Kors har inngått eit samarbeid om gjennomføring av akuttmedisinske øvingar.**

Kommuneoverlege Dag-Helge Rønnevik fortel til Bokn Bygdablad at dei skal

ha fire øvingar i året, obligatorisk for alt personell på ambulansen.

18. mai trengs dei på brot og blødnings-skader, og då hadde blodet spruta.

- Det er svært nytig for personellet å øva realistisk som me gjorde på øvinga, seier Rønnevik.

Øvingane består av ein teoridel og ein øvingsdel med markørar og stasjonar. Det er Kaj Arne Christiansen og Kjell Frode Lie (som er ambulansepasjonell i Helse Fonna) som står for det faglege opplegget i samråd med kommune-

overlegen.

I rapporten "Trygt på Bokn" blei det foreslått å etablere eit slikt lokalt øvingsutval for å sikra regelmessig og god øving for å oppretthalda den akuttmedisinske kompetansen.

- Dette er godt eksempel på "horisontalt partnerskap" der me drar nytte av kompetanse og ressurser som finst i kommunen, og dannar ein alliance som gir vinn-vinn-situasjon, avslutter Dag-Helge Rønnevik.

# Folkehelseforumet

- for å sikre eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid i Bokn kommune -

Anne E. Askeland

Begrepet "kunnskapsbasert" vert ofte brukt i relativt smal betydning. På folkehelseføretet står vi ofte – kanskje som regel, overfor situasjonar der "kunnskapsbasing" i smal forstand ikkje vil vera mogleg eller relevant. Det er difor viktig å fokusera på at eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid må bygge på tverrfagleg kunnskap frå ei rekke fag-disiplinar.

Og med det som bakgrunnsteppe møtes deltakarane i det nyopprettet folkehelseføretet, Bokn kommune, til eit første møte onsdag nest siste veka i mai. Det vart i formannskapsmøte 12. april vedteke at oppsettet presentert i saksutgreiinga skulle gjerast gjeldande.

## Som ei fylgje av det består folkehelseføretet av:

- Kommuneoverlege Dag Helge Rønnevik
- Helsesyster Henriette Lindanger
- SLT \* –koordinator Frans-Gisle Hansen
- Seksjonssjef helse Tore Bøe Olsen
- Seksjonssjef teknisk Kåre Bua
- Seksjonsjef skule barnehage (rådmann i overgangsperiode)
- Økonomisjef Solrunn Alvestad
- Politisk representant Tormod Våga
- Representant Kjekt på Bokn ) frivillige lag og organisasjoner) June Kro
- Rådmann Jan Erik Nygård
- Folkehelsekoordinator Anne Elisabet Askeland

(\* SLT: Samordning av lokale kriminalitetsforebyggjande tiltak)

## Handlingsplan for folkehelse

Då Bokn kommune vart teken opp som partner i partnarskap for folkehelse med Rogaland Fylkeskommune, juni 2010, forplikta kommunen seg til å oppretta eit såkalla folkehelseføret. Hovudmålsettinga med dette organet er at ein skal samle tverrfagleg kunnskap for å seia noko om lokale utfordringar knytt til folkehelsearbeidet. Som ei fylgje av dette skal det utarbeidast ein Handlingsplan for folkehelse, Bokn kommune. Kunnskapen ein har om lokale forhold skal vidare sjåast i lys av publiserte data frå fylke og stat (eksempelvis Kommunebarometeret, "Ungdata", Kommunehelseprofiler). Frå fylkeskommunalt og departementalt hold er det sagt noko om kva som skal vera det overordna i dette

arbeidet: *Ein bør i alt folkehelsearbeid arbeida for i størst mogleg grad å utjamna sosiale ulikheter i helse. I tillegg skal ein arbeida for å gje flest mogleg fleire gode leveår.*

## Fokus og forankring

Fylke og stat kjem også med anbefalinger for kva fokusområda skal vere. Det er likevel brei semje om at det er først når ein tilrettelegg for eit folkehelsearbeid tilpassa lokale forhold at ein har størst sjanse til å lukkast når det gjeld dei overordna målsetjingane. I vedtaksbrevet frå Rogaland Fylkeskommune vert det å sikre forankring av folkehelse-arbeidet i kommunen si administrative leiring, framheva som spesielt viktig. Det er difor gledeleg å notere ei stor tverrfagleg vilje til å samlast for å kartlegge kor det vil vera mest hensiktsmessig å rette innsatsen i det vidare. Når det er sagt; også fylke og stat "prøver seg litt fram" med tanke på korleis ein skal tilnærma seg dei store utfordringane vi står overfor når det gjeld folkehelsearbeidet.

Det er begrensa kunnskap om kva tiltak som, på kort og lang sikt, vil gje størst effekt, både regionalt og nasjonalt. Men, etterkvart som tida går ser ein dog nye resultat basert på tiltak gjennomførde. I Bokn vil vi sjå til både dei evalueringsrapportar som er tilgjengelege samt til data presentert av både Rogaland Fylkeskommune og av Helsedirektoratet. I tillegg har ein stor nytte av dei faste frukostmøta og nettverks-samlingane i regi av fylkeskommunen; her utvekslar fylket og dei andre kommunane i partnarskapet, kunnskap og erfaringar.

Fokuset på folkehelsearbeidet er stort i Bokn kommune og ein er opptatt av at arbeidet skal sikra både iverksetjing av tiltak i tillegg til forankring i kommuneplan/økonomiplan.

Det er viktig å merkja seg at folkehelsearbeidet i Bokn kommune lyt sjåast i samanheng med prosjektet Kjekt på Bokn. Strategiane ein legg i det overordna folkehelsearbeidet skal sikra vidare framdrift i prosjektet; alt-så sikra at ein i tillegg til forankring i planverk også set tiltaka ut i livet.

## Arbeidsgruppa Kjekt på Bokn

Ein av representantane i folkehelseføretet kjem frå nettopp arbeidsgruppa Kjekt på Bokn. Då prosjektet vart starta i si tid talde ein tre ulike arbeidsgrupper som kvar hadde ansvar for sine felt. Då rulleringa av kommunen sin næringsplan tok til såg ein at det ville vera hensiktsmessig å avvante vidare arbeid i arbeidsgruppa "Etablere

arbeidsplasser/Næring".

Med utgangspunkt i opprettina av folkehelseføretet såg ein vidare at det ville vera tenleg å slå dei to resterande arbeidsgruppene i *Kjekt på Bokn* saman til ei arbeidsgruppe.

## I denne arbeidsgruppa sit no fylgjande personar:

- June Kro - leiar
- Lars Norekvål - nestleiar
- Helge Kristian Nilssen
- Johannes Nilssen
- Ingjerd Ellingsen
- Marita Svendsen
- Arild Ognøy
- Gunnar Bokneberg
- Torny Rossebø
- Kaj Arne Christiansen
- Leif Vatnaland
- Elisabeth Taraldlien

Arbeidsgruppa i *Kjekt på Bokn* kjem til å møtast etter tilnærma lik same oppsett som tidlegare samt vera pådrivarar i henhold til aktuelle konkrete tiltak. For folkehelseføretet sin del er det lagt opp til ca. fire møter per år. Det vil likevel vera viktig at ein samlast noko hyppigare i oppstarten for på denne måten å koma godt i gong med arbeidet med handlingsplanen.

## Kompetanseheving

I tillegg til det ovannemnde vil eit av tiltaka, både på kort og lang sikt, vera å bidra til kompetanseheving både administrativt, politisk – og for ikkje å gløyma: hjå innbyggjarane i kommunen. Skal ein kunne ta sunne valg for eiga helse er det i mange samanhenger nyttig med oppfrisking av eksisterande, samt tileigna seg ny, kunnskap innanfor aktuelle område.

Vi ynskjer ei god helse for både oss sjølv og for dei vi har rundt oss og det er difor viktig å tenkja på at: Ein god ting kan ikkje seiast for ofte; så også når det gjeld folkehelsearbeid. Det er frå kommunen si side viktig å understreka at vi har eit stort ynskje om å bidra til å fremja god kunnskap om god helse. For; suksessfaktoren for at vi skal lukkast i folkehelsearbeidet er at vi arbeider saman om det.



Startskotet har  
gått!

# Hurtigveksande

Jardar Havikbotn

## Moloen i Hålandssjøen veks fortare enn berekna.

I marsutgåva av Bokn Bygdablad kunne me fortelja at masse frå T-sambandet frå 21. mars blei dumpa i sjøen med mål om å forlenga den påbegynte moloen 70 m nordover, og at det i løpet av sommaren skulle fyllast opp til kote minus tre (kote 0 er normal vass-stand).

Det viser seg at dei oppgjevne masseberekingane har vore litt feil. Etter at siste stein blei tømt 24. mai, viser det seg at det nye molostykket har kome opp til kote 0, og vel så det.

Arealplanleggar i Bokn kommune, Hans Faye, seier til Bokn Bygdablad at det nye molostykket skal få lysande varslingsbøyser, og at arbeidsfolka skal stilla på byggverket, som er trekt litt lenger aust enn planlagt – noko som skapar betre plass mellom molo og land. Det skal bli 40 båtplassar i flytebrygger på innsida.

Det er planlagt at moloen, som skal opp til

kote 2, skal plastrast både på utsida og innsida. På utsida får plastringa, som begynner på kote minus 2,5, ein skrå utsjänad medan det blir ein vertikal mur på innsida.

- Alle detaljar er ikkje heilt klare endå, men på toppen skal det sannsynlegvis støypast ei 4 m brei plate, samt at det langs kanten mot sundet vil koma bølgjebrytar, avsluttar Hans Faye, som held på å innhenta pris på å gjera moloen ferdig.

Ordførar Kyrre Lindanger reknar med at saka om det gjenståande arbeidet på sjøle moloen, er klar til behandling til det siste formannskapsmøtet før sommarferien.



## Annonser

### Har du avgalde kler, sko og leiker?

Kunne du tenkje deg å gi dei til eit godt føremål?

Me har innsamling på Kyrkjebygd kulturhus, i Petra/Artep sine lokale, kvar onsdag kl. 16-20.

Du kan levere i berepose eller i bossekk, og alt må vere reint og heilt.

For at det skal kome fram til dei som treng det, ber me om kr. 10,- for ein berepose, og kr. 50,- for ein bossekk.

Vil du gjerne levere noko frå deg, men har ikkje moglegheit ein onsdag? Ring ein av oss, så kan me avtale ei anna tid og dag.

Innsamlinga er i samarbeid med THK-stiftinga på Karmøy - [www.thk.no/](http://www.thk.no/)

Annette Bokneberg (91 32 82 58) og Elisabet Taraldlien (46 95 95 13)



Har du noko arbeid du skulle ha gjort, vedlikehald, vaktmeistertenester m.m.

Spør oss!

Tlf. 99 51 39 72 - 52 74 81 65

Prøv ei annonse i Bokn Bygdablad



# COOP MARKED BOKN



**Mandag til fredag: 09.00 - 18.00**

**Lørdag: 09.00 - 16.00**

**Drivstoff hele døgnet - kortautomat**

# Nye tider på Bokn

**Det skjer mye spennende på Bokn. Vi i SpareBank1 SR-Bank gleder oss over utviklingen, og legger nå til rette for å være enda mer tilgjengelig når viktige økonomiske beslutninger skal tas. Kanskje dine drømmer ligger et sted mellom Loden og Ognøy, og bare venter på å bli realisert?**



**May Jorunn Vatnaland er offentlig autorisert finansrådgiver, og hun vil med sin kompetanse nå gi langt større muligheter for rådgivning på Bokn.**

### **Snakk med meg om;**

- lån
    - skadeforsikring
    - livsforsikring
    - pensjonssparing

Kontakt meg på tlf 02002 eller e-post  
mav.jorunn.yatnaland@sr-bank.no

## Åpningstider

Mandag - fredag

kl 11.00 - 15.00

## Kassen er åpen:

## Mandaq, onsdag

kl 12.00 - 14.00

Fredag

kl 12.00 - 15.00

Velkommen!

SpareBank  
SR-BANK

## Næringsliv

### Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie - 909 24 964  
Kjell Frode Lie - 907 83 797

### Utleige av minigraver 2500 kg

Pris døgn	kr. 1.000,- + mva
Pris veke	kr. 5.000,- + mva
Pris pusseskuffe	kr. 150,- + mva
3.500 kg hengar, døgn	kr. 400,- + mva

#### Kontaktpersoner:

John Magne Lie 909 24 964  
Kjell Frode Lie 907 83 797



### HÅRSMIÅ


Velkommen til Hårsmia. Har åpent hver dag, lørdager om jeg er hjemme.

Kommer gjerne hjem til deg og klipper om du har vanskeligheter med å komme til salongen. Klipper/striper/farger, tar permanent og hull i ører.

Sommerferie fra 1. august, åpner igjen fredagen før skolestart 22. aug.

52 74 86 47 / 46 44 29 20

Med vennlig hilsen  
Mona på Hårsmia



### FRISØRROMMET PÅ BOKNATUN

Mine åpningstider er tirsdag-fredag

Oddetalsuker: kl. 09-16

Partallsuker: fleksible åpningstider

Sommerferie fra 11. Juli, starter opp igjen 2. august

Ønsker dere alle en fin sommer!

Hilsen fra Anita

99 32 55 34 - 52 74 85 34



### Bokn bibliotek

#### Åpningstider:

Mån.	16.00 - 19.00
Tys.	09.00 - 13.30
Ons.	16.00 - 19.00
Tors.	09.00 - 13.30

## Div. tenester på Boknatun, m.m.

### BOKN LEGEKONTOR

Kvar tysdag og fredag samt onsdagar i partallsveker.  
Opningstider 08 – 15.30.  
Telefontider 08-11 og 13-14.  
Telefon 52 75 25 40.

Ved behov for øyeblankeleg hjelp, ring Bokn Legevakt 52 74 85 22 (heile døgnet).

Ved livstruende tilstand, ring 113.

Timebestilling på internett eller SMS, sjå www.bokn.no for meir info.

Lista blir fylt opp, men det er framleis ledig kapasitet!

Dag-Helge Rønnevik - lege

### DAGSENTERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00.  
Treng du skyss, blir du henta på døra.  
Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.  
Påmelding på tlf. 93 09 39 98  
Mariann Skjelde - aktivitør

### LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag på Boknatun kl. 9.00 – 12.00.  
Direktenr. 52 75 25 13  
Avtale etter kl. 12.00 må gjeraast særskilt.  
Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre vekedagar, tlf. 52 75 71 75  
Bjørn Bruaset - jordbruksjef

### HELSESØSTER

Helsestasjonen er open måndagar, onsdagar og fredager kl. 8-15.30 -  
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 46 93 69 65

Henriette S. Lindanger - helsesøster

### NAV BOKN



Kontortid kl. 9.00 – 14.30  
Telefontid kl. 8.00 – 15.30

Kundesenteret: tlf. 815 81 000

Unn A. Mustaparta - leiar

### JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet mandag i oddetalsuker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61

Timebestilling: Ta kontakt på helsestasjonen!

Bodil Ljones Auestad - jordmor

### SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30– 15.00

#### Me kan t.d. hjelpe deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleie av kommunale lokaler eks. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknasennå, krus, m.m.
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11

E-post: post@bokn.kommune.no

### BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.  
52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smarter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

Geir Austvik - fysioterapeut

### VENNEKJØRING

Er du pensjonist/uføretrygda og treng skyss til å komma deg frå ein stad til ein annan? - t.d. til lege, ulike tilstelningar, handla på butikken, m.m.

For å avtala tid, ring 94 14 47 35 - helst dagen før eller lengre tid på førehand.

Dei som brukar tenesta betaler til sjåføren.

- Kr. 3,50 pr. km + kr. 0,50,- pr. km for kvar ekstra passasjer.
- Minstepris kr. 100,-

### BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag kl. 08.30 - 14.00

Timebestilling tlf. 99 70 74 28

Direktenr. tysdag: 52 75 25 33

Rita Bokneberg - fotterapeut

## TAKK!

Hjarteleg takk til alle som viste medkjensle og deltok i min kjære Olav Nedrebø sin bortgang.

Gerd

## TAKK!

Tusen hjarteleg takk for all deltaking og omtanke ved vår kjære Herlaug Alvestad sin bortgang.  
Me vil og retta ein varm takk til personalet ved Bokn sjukestove for god omsorg og pleie.

Magne, Daghild, Finn og Tove m/familiar

## TAKK!

Hjertelig takk for all deltagelse og blomsterhilsner ved vår kjære Sigvard Are sin bortgang.

Familien

## TAKK!

Hjarteleg takk for alle gåver og helsingar eg fekk i anledning min 75 års dag.

Ingrid Håland

## 50 år i 2014

Bokn Musikkorps feirer snart 50 års jubileum. Musikkorpset prøver å lage ei "aspirantgruppe" med nye/gamle medlemmer.

Håper å få med flest mulig mot jubileet i 2014  
Informasjonsmøte på Bokn skule mandag 29. august kl. 20.00  
Hilsen Bokn Musikkorps

## Møteplanar, kommunale styre og utval

Bokn kommunestyre	Bokn formannskap
Stad: Allr., Boknatun 2. etg. Tid: Kl. 19.00  Tysdag 14. juni	Stad: Formannskapssalen, Boknatun 1. etg. Tid: Kl. 17.00
Bokn forvalningsstyre	Bokn sokneråd
Stad: Formannskapssalen, Boknatun 1. etg Tid: Kl. 19.30  Tysdag 21. juni	Stad: Bokn bedehus Tid: Kl. 19.00  Onsdag 08. juni
Bokn senior;brukarråd	
Stad: Formannskapssalen, Boknatun 1. etg. Tid: Kl. 18.00	Politiske møte blir gjort kjenne gjennom oppslag på Coop Marked Bokn og kommunen si helmeside ei veke før møtet går av stabelen.  Sakspapira blir utlagde til offentlig ettersyn samstundes i Servicetorget og Bokn bibliotek.

## KFL bil og utleige

Utleige av stillas	frå 500 kr. veka
Utvendig lakkrens av bil	frå 2500 kr.
Innvendig reingjering	frå 500 kr.
Skinnpleie	frå 500 kr.
Desinfisering av klimaanlegg	500 kr.

Kjell Frode 907 83 797  
John Magne 909 24 964  
Epost: kjellfrode75@hotmail.com

## Bokn Bygdablad

[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no) - post@bygdabladet.no

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 350,- pr. år, 500,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for borteboande skule-elevar og studentar.

**Redaktør:** Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08  
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

**Medarbeidarar:** Annette Bokneberg/Gro Sørensen

### Bygdabladnemnd

Johannes Nilssen  
Ellen Nedrebø  
Lars Norekvål

**Foto, omslag:**  
Stephan Haram

### Gjeldande annonseprisar (netto)

Heilside	kr. 625,-
Halvside	kr. 375,-
Kvartsida	kr. 188,-
1/8 side	kr. 125,-
Privatann.	kr. 63,-
Fast-/fargeann.	etter avtale



### STORT FRAMSIDEBILDE:

Frå 17. Mai-feiringa 2011 - sjå s. 12 og 16

Foto: Kyrre Lindanger

## - Det må sviva

Jardar Havikbotn

På garden til Erik og Berit Merete Øvrebø i Våga kan ein kvar dag høyra lyden av koyredoningen til eldstesonen Endre.

Niåringen seier at det er bestefaren, Ernst Øvrebø, som har hjulpe han med den praktiske farkosten. Broren Ole Johan får sitja bakpå, og det er lurt å bruka øyrekklokker.

Endre har ei sterk interesse for ting som sviv. Det må vera litt action. Han har også kørt trial i Pluggen motorklubb sidan han var fem, seks år, og er med der med sin eigen sykkel nr. 2. Det står til og med namnet hans på tohjulingen. Ikkje verst.

Då eg var med på potetsettinga 4. mai, var sjølvsgått fartøyet i nærleiken. Endre er svært ivrig i gardsdrifta, spesielt i sommarhalvåret, og ein skal ikkje sjå vekk frå at han tar over garden når den tid kjem.

I april mottok Erik og Berit Merete Øvrebø tilskot frå næringsfondet i kommunen, til investering i ny slaktegrisavdeling. Meir om dette i neste utgåve av Bokn Bygdablad.



Endre Øvrebø, med broren Ole Johan bakpå, under potetsetting på garden 4. mai.  
Øvst: Endre i aksjon under trialoppvisninga på skulen 17. mai.

## Stafettpinne til Bokn

Jardar Havikbotn

Haugalandsmuseene med Ingebjørg Stene Jacobsen i spissen, stod som arrangør då Museumsstafetten blei arrangert i Bokn 28. april.


Stafetten starta i Krovågen, med samling på brygga ved det gamle sjøhuset. Olav G. Larsen fortalte om Kro gård - om misjon, fiskeri og skipsfart frå 1800-tallet og vidare.

Han tok utgangspunkt i historia om Lars Olsson (1780-1856) frå Sjernarøy, som blei gift med Martha Jakobsdotter frå Øvrebø. Dei blei stamfedre til slekta i Kro og Føresvik.

Rundt 30 historieinteresserte fekk omvisning i dei tre verneverdige byggene; sjøhuset, hovudhuset og driftsbygningen, som alle er bygde på 1840-talet. Hovudhuset, eller *Bygningen*, som det blir kalla, tilhører i dag Johanne og Jacob T. Larsen. Huset blir i dag nytta som feriebustad, og fekk *Kulturminneprisen i Rogaland* i 2009.

Dei museumsinteresserte samla seg til kaffe i driftsbygningen, kor Kari Christensen fortalte om restaureringa av

bygget. Idag rommar driftsbygningen stallar, utstyrssrom, kjøkken samt kafe og møtelokale for ca. 40 personar. Kari fortalte om gardsdrifta i dag, som er basert på to hovudaktivitetar; rideskule og inn på tunet-tenester (arbeidstrening, pedagogisk tilbod, handicapridning).



Guide Olav G. Larsen



Frå sjøhuset

## Sveibuar på Boknafjellet

Birger Lindanger

### Sjølve 1. mai, i strålende solskin, klatra Sveo turlag opp Boknafjellet.

Under oppstigninga serverte underteikna dei viktige sider ved boknhistoria, slike som sjørmen i Boknafjorden, huldrene på Gunnarstad og Svartedauden på Austre Bokn. Oppå toppen gjorde det inntrykk at det ikkje bare var råd å sjå heim til Sveio, ein såg jamvel Siggjo på Bømlo og mon det ikkje var litt av sjølve Folgefonna som skein kvit langt opp i nordaust? Og der sør – kunne det verkeleg stemma av det var Synnesvarden sør på Jæren ein skimta.

Sidan kom termosina fram med eit solbada Bokn for føtene. Under nedstigninga blei det gitt uttrykk for at sjølv sveibuane hadde lete seg imponera. Det skulle ikkje vara lenge før dei arrangerte ein ny ekspedisjon til øyane våre, lova dei.



Foto: Birger Lindanger

Sveibuar med utvida horisont.



Foto: Birger Lindanger

## Sagaen om fjellet.....

Anne E. Askeland

### "Utsiktpunkt Boknafjell" tek form; om ikkje lenge kan ein også boltra seg i spanande informasjon om både det ein ser – der ute; og om Bokn.

Arbeidet med å tilretteleggja for auka bruk av Boknafjellet har pågått, påår og skal pågå – også i åra som kjem. Det er frå fleire hald auka fokus på fysisk aktivitet og via ulike partnarskapsmodellar aukar kommunen satsinga si på å få folket opp av godstolen. I tillegg lever prosjektet *Kjekt på Bokn* vidare og skal vera "katalysatoren" når det gjeld å få iversatt ulike underprosjekt og tiltak.

Vi har i ei tidlegare utgåve av Bygdabladet allereie nemnd Boknafjellet og noko av bakgrunnshistoria for arbeidet der oppe. Vi er no komme så langt at benker og informasjonstavler er montert. Benkene er henta frå København, er laga av resirkulert materiale; har eit maritimt, historisk "svung" over seg, dei veg tett på 200 kilo kvar og sist, men ikkje minst: dei er robuste samstundes som dei er "milde": Benkene er i tre og det er mest så ein kjenner litt lunk i dei når ein set seg på dei... På ein forblåst fjelltopp er vel ikkje nett det å forakta; ein ynskjer jo ikkje å frysa på seg noko.....

Det er også laga til eit slags platå samt montert ny, unik postkasse like nedanfor kikkeren. Platået inviterer til å setja seg og nyta utsikta; ein av dei lengste benkene er montert her. Eller; skulle vi ha arrangert ein Diktkveld der oppe? Ein kveld nordavinden har lagt sin elsk på ein annan fjelltopp?

Eller – kva med å leggja niande klasse sin historietime til Bokns uteauditatorium? Den naturgjevne vesle skråninga, "Auditoriet", som vender ned mot platået; den har i uminnelege tider i sin beskjedenhet vore der.....Og venta på å bli teken i bruk.

Lat oss saman freista finna dei aktivitetar som inviterer til auka bruk av "Utsiktpunkt Boknafjell".

Men. Vi er ikkje heilt i mål med arbeidet enno. Om ikkje lenge vil vi montere folien

med informasjon på dei fire informasjonstavlene som står der oppe. På informasjonstavlene vil ein kunne finne spanande informasjon (på norsk, engelsk og tysk) om utvalde plasser – der ute. Plassar ein ser til, får lyst til å reisa til. Vi ynskjer å gje dykk høve til å verta nyfikne på plassar – der ute; ute i den flotte regionen vår.

*Sørover, nordover, aust og vest – eg opnar opp, dit vil eg dra!!  
Dei som bur der kjenner best;  
Ja, og eg – til Bokn eg hjarta mitt ga.*

Som det neste steget i prosessen vil ein naturlig nok også finna ei tavle med generell informasjon om Bokn. Arbeidet med utforminga er starta; og meir informasjon om når ho er på plass, kjem etterkvart.

Ein er no stolt eigar av ein unikt utforma postkasse på toppen av fjellet. Vi håpar at alle besøkande, både boknarar og tilreisande, tek seg tid til å skrive namnet sitt i gjesteboka som ligg i postkassen. Det vankar heider og ære; årviss trekkjer

kommunen ut ein heldig vinnar av ein flott premie.

I eit felkehelseperspektiv ynskjer kommunen, via *Kjekt på Bokn*, at boknarane i auka grad tek fjellet i bruk. Som nemnd innleivsvis: Arbeidet med å tilrettelegg til bokn også av andre område av fjellet vil, i samarbeid med grunneigarar og andre samarbeidspartnara, pågå også framover. Ta fjellet i bruk; ta turen til topps. Det er ikkje sikkert det er nødvendig, men vi nemner det likevel:

**Vi vil oppfordre til at alle tek det gode humøret, smilet, energien og iveren, samt gleda, med seg både opp til topps – og ned att ☺. Det same gjeld naturleg nok det ein måtte ta med seg av bos opp dit: Lat det ikkje verta liggjande; det kjem folk etter deg! Og gjørde dei som deg; kom opp med godt humør, med eit stort smil om munnen, fulle av energi og iver og gleda seg til å nå fram....Vi treng vel ikkje seia meir. God tur!!!**